

Den musikalske leiaren tykkjer det er spanande når heile bandet er på turné.

– Me får oppleve mykje som ingen andre amatørband får oppleve.

**– Kan ta heilt av**

Nielsen er utdanna klassisk trompetar. Han har blant anna spelt to solo-konsertar på Festspillene i Nord-Norge, og har hatt ei eiga orkesterframføring med kor og orkester. Jazzen og storbandmusikken tiltalar han fordi det svingar, underheld og gjev liv på ein annan måte.

Steinstø legg til at ein i jazzen kan ta tak i låtane, improvisera og laga eigen musikk.

– Du får utvikla deg som musikanter og kan sleppa deg fri, seier formannen.

Nielsen fortel at når bandet spelar tett og fint, merkar musikarane kommunikasjonen med publikum.

– Då spelar alle betre og konsertopplevinga vert betre. Det er musikk som svingar og som kan ta heilt av, seier han.

HBB har prøvd å gå andre vegar, blant anna ved å få med nokon på hardingfele. Det har ikkje lukkast.

No samarbeider storbandet med fleire kor, mellom andre Kvammakoret, Chorus-80 frå Lofthus, Rosendal songlag og Tyssedalchoeret.

**– Til tider einsamt**

Storbandleiaren seier at det ikkje var enkelt å få innpass i "hardingfelelandet" då han starta HBB. Dei som likte musikken, torde ikkje alltid å stå fram, ifølgje Nielsen.

No finn ein eit ungdomsstorband i Kvam, og det har komme eit storband i Odda som ein avleggjar av Odda musikklag.

– Eg er så innbilsk at eg trur HBB har bana veg, seier Nielsen.

Han seier at det har vore einsamt å halda på med jazz og storbandmusikk i Hardanger.

– Til tider har eg lurt på om eg skal gidda det. Hadde det ikkje vore for entusiastane i bandet, hadde eg nok ikkje halde fram, fortel Nielsen.

Mange av bandmedlemene har spelt i mange år. Gro Belsnes Eide på piano og keyboard har vore med sidan starten og er æresmedlem. For tida er bandet på jakt etter ein ny gitarist.

– Stabilitet har vore ein viktig styrke hos oss. I dei større byane "shoppar" dei musikarar når dei treng

nokon. Det er ikkje så lett her, og det vert sårbart å driva band på ein liten stad, seier Nielsen.

**Søker nye arenaer**

HBB ønskjer å arbeida for å få spelejobbar utanfor Hardanger og å finna nye reisemål. Bandet ønskjer å treffa og høyra på andre musikarar i same sjanger.

– Det gjev oss påfyll og positiv energi. Me vil også halda fram med å heia på kvarandre, seier Steinstø.

Nielsen legg til at bandet har eit mål om å spela nytt stoff, og prøver å spela ein del moderne jazzmusikk.

– Eg kunne ønskt meg at me hadde spelt meir av den typen musikk, men me må vera samde, seier den musikalske leiaren.

Han fortel at det er viktig at bandmedlemene kan stoffet og kosar seg med å spela det.

– Då kan me ikkje spela det mest tekniske. Det er minuset med å øva annankvar veke, seier Nielsen.

Samstundes ser dei to samde om at det er viktig å strekkja seg for å utvikla seg vidare.

– Det er ikkje mindre moro om me leverer kvalitet. Det er slikt som gjer at eg synest det er kjekt, at eit heilt band tek utfordringa sjølv om det betyr at musikarane må øva ekstra. Då får me oppleve ting som ein aldri får oppleve når ein sit i eit korps, seier Nielsen.

**– Mykje ugjort enno**

Nielsen trur HBB har mykje ugjort enno. Dersom han får behalda medlemene bandet har i dag, ser han stadig nye moglegheiter.

Steinstø seier musikarane i storbandet er heldige som får arbeida med Nielsen.

– Han har mykje energi og har brukt den godt i HBB. Han tek seg tid til folk og er flink å læra frå seg musikk. Me er heldige som får spela med han, seier formannen.

Det har vore vanskeleg å komma inn på jazzklubbane i Bergen, og Nielsen håpar bandet kan få det til i framtida. I tillegg kan den nye scena på haldeplassen i Norheimsund verten teken meir i bruk av storbandet.

– Kanskje vert det nokre spontankonsertar der. Det er me klare for. Det er kjekt med stunt, seier Nielsen.



**Swing:** Eli Laupsa (t.h.), André Kvalvik, Sofie Oppedal Rasmussen, Rannveig Utne og dei andre medlemene i Hardanger ungdomsstorband har henta fram det dei kan av swingmelodiar.

# Blæs opp til dans

**Kvemmingar som vil trimma dansefoten, bør oppsøkjast Øystese i helga.**

**BÅRD VALVATNE**

valvatne@hf.no

I morgon tek Hardanger ungdomsstorband og Old Timers Bigband (OTB) frå Os på seg finstasen, hentar fram messingen og inviterer til danskveld i Holmatun. Dei to banda skal først spela kvar for seg, før dei avsluttar med eit par fellesnummer.

Ungdomsstorbandmedlemene Bendik Vestheim og Vejbjørn Svartveit Larsen lovar eit repertoar som passar for alle som ønskjer å svinga seg på dansegolvet. Dei unge musikanter fortel at swing og funk kjem til å dominera. Dei kjenner seg særst godt førebudde.

– Mykje av musikken kan du nesten seia me har øvd på i fleire år. Me har teke med swinglåtane me har øvd på dei siste åra. I tillegg har me øvd inn litt nytt, seier Vestheim.

**Ungt og gammalt saman**

Kontakten mellom ungdomsstorbandet og storbandet frå Os vart formidla av kulturskulelærar og musikanter Arvid Aasprang. Han spelar sjølv i OTB og fortel at bandet består av eit knippe musikalske ringrevar som spelar og har det moro saman.

– Det var medlemene frå ungdomsstorbandet som fekk ideen. Eg veit at det krev mykje å fylla ein heil kveld med musikk. Difor føreslo eg for dei andre medlemene i OTB at me også skulle spela på dansen. Interessa var stor, fortel Aasprang.

Sjølv om han er læraren til ungdomsstorbandmedlemene, har han tenkt å lata bandet klara seg mest mogleg sjølv laurdag.

– Eg tykkjer det er kjekt å lata dei unge vera litt sjølvstendige. Difor kjem eg til å trekja meg litt attende. Men eg kjem til å vera på dansegolvet, og det kan vera eg sprett fram og hjelper til ein gong eller to, seier Aasprang.

Hjelpsame foreldre Det meste av det praktiske tek foreldra til ungdomsstorbandmedlemene hand om. Det lydtekniske har Aasprang og Geirmund Sandven frå OTB ansvaret for.

Dansen er open for alle, og både Aasprang og ungdomsstorbandet er spente på interessa.

– Folk er ikkje vane med å bruka laurdagskveldane til slike arrangement lenger, så det kan verta ei utfordring å få mange til å koma. Men eg har vore i musikkbransjen så lenge at eg har slutta å tenkja så mykje på publikumstal. Både ungdomsstorbandet og OTB håpar sjølvstendige på fullt hus, men eg er sikker på at me kjem til å få ein fin kveld uansett. Og dei som kjem, får mykje å gle seg over, seier han.

– Det var medlemene frå ungdomsstorbandet som fekk ideen. Eg veit at det krev mykje å fylla ein heil kveld med musikk. Difor føreslo eg for dei andre medlemene i OTB at me også skulle spela på dansen. Interessa var stor, fortel Aasprang.



**Takt:** Trommeslagar Vegard Berge (t.v.) og resten av Hardanger ungdomsstorband lovar svingande rytmar i Holmatun i morgon.

## Lovar jazz med akustisk energi

Kunsthuset Kabuso lovar Eplejazz med trykk når bandet I.P.A. vitjar kunsthuset søndag. Norsk-svenske I.P.A. består av Atle Nymo på alt-saksofon og bassklarinet, Magnus Broo på trompet, Mattias Ståhl på vibrafon, Ingebrigt Håker Flaten på kontrabass og Håkon Mjåseth Johansen på trommer.

Ifølgje Kabuso er I.P.A. kjent for akustisk energi, inspirert samspel og sterke melodiar miksa med eit

meir ope materiale. Bandet er inspirert av Ornette Coleman og Don Cherry på 1960-talet, men har utvikla eit eige uttrykk. I.P.A. har fire utgjevingar bak seg. Det siste albumet, *I Just Did Say Something*, kom i 2016.

Øystese er siste stoppestad på bandet sin vestlandsturné. Før dei tek turen til Øystese, har musikanter vore innom Haugesund, Stavanger, Bergen og Bømlo.